

Kvam Arbeidarparti sitt program 2023-2027

Kvam Arbeidarparti vil prioritera eit samfunn der alle skal med, og at dei som treng hjelp får det.

I Noreg vert me stadig fleire eldre, og færre unge i arbeidsfør alder. Dette skapar utfordringar på alle nivå, også her i Kvam. Me vert fleire som treng omsorgstenester, og det vert stadig vanskelegare å få tak i kvalifisert arbeidskraft.

Kvam Arbeidarparti vil difor stimulera til fleire innbyggjarar ved å gjera heradet endå meir attraktivt å bu i. Gode bu- og arbeidsmiljø, attraktivitet og rettvis fordeling skal vera dei raude trådane i politikken me står for.

I tillegg må det skje eit kontinuerleg arbeid for at tenestene til heradet er så kostnadseffektive som mogleg.

Kvam Arbeidarparti lovar å vera eit ope parti som kan skapa politikk i dialog med veljarane – også dei som ikkje røystar på Arbeidarpartiet. Alle er velkomne til å koma med innspel til heradsstyrrepresentantane våre og styret vårt.

I dette programmet kan du lesa meir om kva me vil arbeida for i perioden 2023 - 2027. Me kan ikkje lova at alt kan gjennomførast. Sjølv om me gjer eit godt val, skal det godt gjerast å få reint fleirtal. Det me kan lova, er at me vil arbeida hardt for sakene våre, for å styrkja fellesskapet og for å gjera heradet vårt betre.

Dei siste periodane i Kvam heradsstyre har vore prega av eit godt politisk klima med tverrpolutisk arbeid for felles beste. Kvam Arbeidarparti lovar å gjera vårt for at dette held fram.

Under kvart kapittel vert det gjeve døme på kva som er gjort av vedtak i perioden 2019-2023. Mange av tiltaka har Kvam Ap teke initiativ til. Andre har me sikra fleirtal for saman med andre parti. Politikk er eit lagspel.

Me lovar å fortsetja arbeidet med å gjera Kvam herad endå betre. Skal me lukkast treng me di stemme på valldagen!

Ein god oppvekst og skule for alle.

Kvam Arbeidarparti har som mål å få fleire barnefamiliar til å busetja seg i Kvam. Arbeidarpartiet vil ha ein god offentleg oppvekstsektor som gjev faglege utfordringar til alle elevar og barnehageborn på ulike nivå. Praktisk og engasjerande undervisning kan redusera fråfall på vegen deira til gjennomført utdanning. I kunnskapssamfunnet skal alle vera med.

Då er det viktig at dei tilsette har gode arbeidsforhold, og at det er nok bemanning til å oppfylla dei forventningane som er til tenestene.

Det er også viktig at det i skulen vert drive aktivt og målretta arbeid for å hindra mobbing.

Det er eit mål at elevane får eit godt og næringsrikt måltid på skulen kvar dag. Det gjev både god helse og god læring.

Kvam AP vil:

- arbeida for reell full barnehagedekning i alle krinsane. Det gjer me ved å halda fram med fire barnehageopptak i året, og ved å syta for at grunnbemanninga i barnehagane er på eit nivå som gjer dei til ein god arbeidsplass og til ein god tenesteytar.
- gjera framlegg om innføring av eit dagleg gratis skulemåltid i grunnskulen. Dette vert utgreidd i inneverande periode, og me vil starta det opp i komande periode.
- at alle elevar i Kvam må sikrast gode nok bassengtilhøve.
- syta for at det er miljøarbeidrarar i skulane i Kvam, og at alternative læringsarenaer er tilgjengelege for dei som treng det. Døme på dette er læring ved arbeid på gardsbruk eller i næringslivet.
- sjå til at det er midlar til å vedlikehalda og styrka kompetansen til lærarar og barnehagetilsette gjennom etterutdanning.

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Det er sett av midlar til å styrka grunnbemanninga i barnehagane.
- Det er gjort vedtak om fire barnehageopptak årleg
- Det er gjort vedtak om, og utlyst miljøarbeidarstillingar i skulen.
- Administrasjonen er beden om å greia ut alternative læringsarenaer i denne perioden.

Arbeidsliv og næring

Kvam Ap vil arbeida for betring av infrastrukturen og opparbeiding av ferdig regulerte næringsareal.

Kvam Ap skal vera ein aktiv medspelar og tilretteleggjar for næringslivet.

Me vil gjera det me kan for å motverka sosial dumping.

Kvam Ap vil:

- vera aktive i høve til å verna om kulturlandskapet
- leggja til rette for ei berekraftig oppdrettsnæring, der både verneinteresser og næringsinteresser vert høyrde.
- leggja til rette for at næringslivet og interesseorganisasjonar deltek i politiske prosessar og planarbeid.
- synleggjera Kvam som reiselivskommune, og stimulera eit natur - og kulturbasert reiseliv
- behalda det kommunale eigarskapet i Kvam Kraftverk. Dette gjev heradet langsiktige og stabile inntekter.
- arbeida saman med fagrørsle og næringsliv for at Kvam herad har ein innkjøpsstrategi som best mogleg motverkar sosial dumping, samt sikrar at det vert stilt krav til fagopplæring miljøstandard ved innkjøp av varer og tenester
- at Kvam Herad så langt det er råd skal ta omsyn til lokalt næringsliv ved kjøp av varer og tenester.
- regulera fleire gang- og sykkelstiar.

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Oppstart av reguleringsplan Vikedal – Ålvik for gang- og sykkelsti
- Løyvd midlar til massiv marknadsføring av Kvam som reisemål
- Løyvd midlar til straumstøtte til næringsliv

Samferdsle og kommunikasjon

Store delar av Kvam er ein del av arbeidsmarknaden i Bergensregionen. Det er viktig å leggja til rette for at fleire kan bu i Kvam om dei arbeider eller studerer i Bergen. Det er også viktig å arbeida for at vegane gjennom Kvam vert sikra mot ras.

Mykje av vegane våre er fylkesvegar. Mykje av det me lovar å arbeida for i punkta under kan ikkje realiserast av Kvam åleine. Me lovar å framleis spela ei aktiv rolle for å fremja interessene våre på fylkesting og Storting, og mot fylkes- og sentralpartet vårt.

Me vil arbeida aktivt inn mot eiga stortingsgruppe og fylkespolitikarar for å få midlar til rassikring, betre vegar og tryggare ferdsle for gåande og syklistar.

Kvam Ap vil:

- arbeida for rassikring og vegutbetring langs fylkesvegane våre
- arbeida for fleire gang- og sykkelvegar i Kvam.
- arbeida for at gangvegen Ålvik – Vikedal vert fullført, om naudsynt som samfinansieringsprosjekt med Vestland fylkeskommune.
- arbeida for ei finansiering av tunnelen forbi Tokagjelet som ikkje «stengjer vegen» med bompengar.
- arbeida for å betra ferjesambandet Tørvikbygd – Jondal endå meir. Det bør gå to ferjer heile året, og det bør setjast inn nattferje.
- arbeida for utvikling av kollektivtilbodet mellom Kvam og Bergen.
- arbeida aktivt mot fylket og kommunane rundt fjorden for at hurtigbåtruta frå Norheimsund om sommaren får halda fram. Den er svært attraktiv og viktig for turismen.
- arbeida aktivt for at det kjem ein arm av E134 gjennom Odda, Jondal og Kvam.

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Aktivt påverknadsarbeid i arbeidet med RTP og med «arm til Bergen»
- Aktivt arbeid for å sikra turistruta under pandemien
- Aktivt arbeidd saman med Hardangerkommunane for å sikra oppstart av regulering av tunnel under Tokagjelet og mellom pollane «på hi sio»
- Aktivt arbeidd for, og lukkast med, å få to ferjer mellom Tørvikbygd og Jondal i sommarmånadane
- Regulering av Vikedal-Ålvik er sett i gang og er under slutføring
- Det er vedteke planlegging og kostnadsrekning av gangveg Pensjonisten-Torget i Ålvik med sikte på gjennomføring i komande periode

Ein trygg alderdom

Kvam arbeidarparti vil arbeida for å oppretthalda god kvalitet på tenestetilbodet.

Målet vårt med helse- og omsorgstenestene er at alle skal få den hjelpe dei treng når dei treng ho. Dette er eit område Kvam arbeidarparti vil og må gje høg prioritet i åra som kjem.

Kvam Ap vil:

- arbeida aktivt for at ny velferdteknologi vert teke i bruk.
- oppretthalda kvaliteten på tenestetilbodet.
- at det skal som hovudregel tilsetjast i full stilling. Tilsette i deltidsstillingar skal prioriterast til stillingsauke før nyttilsetjingar.
- ha slutt på ufrivillig deltid. Ufrivillig deltid er sløsing med kompetanse som trengst i omsorgstenestene.
- framleis vurdera tiltak som styrkjer tenesta, så som auka grunnbemanning og oppretting av vikarpool.
- sikra nok heildøgers omsorgsplassar.
- ha kontinuerleg fokus på den aukande trangen for omsorgstenester dei neste åra og tiåra. Det er god eldrepolitikk å ha ein god kommuneøkonomi!

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Vedteke bygging av Strandebarm Omsorg
- Vedteke auka grunnbemanning i pleie- og omsorg
- Oppfylgjing av heiltidstema i administrasjonsutvalet

Helse og samfunn

Å sikra alle lik tilgang til gode helsetenester er Arbeidarpartiet sitt hovudmål i helsepolitikken.

Kvam Arbeidarparti vil i neste heradsstyreperiode sjå til at det førebyggjande arbeidet blant barn og ungdom held fram med å ha høg prioritet. Oppvekstplanen skal brukast aktivt for å sikra at barn og unge sine interesser vert varetekne i alle saker som vedrører dei.

Folkehelsearbeid må styrkast. Me må ha fokus på å leggja til rette for å auka livskvalitet og for at kvar einskild tek sjølvstendig ansvar for eiga helse og livssituasjon. Dette gjer ein ved å prioritera utekontakt, helsesjukepleiar, gang- og sykkelstiar, halda fast ved fritidskortet, og syta for at frivillige lag og organisasjonar har ein økonomi som sikrar aktivitetstilbod.

Kvam Ap vil:

- sei nei til privatisering og konkurranseutsetjing av grunnleggjande helsetenester
- satsa på helsestasjonar, skulehelseteneste og pedagogisk-psykologiske tenester (Kvam familie- og læringssenter).
- at tilboden om fritidskortet skal fortsetja i heradsstyreperioden
- at born og unge med åtferdsproblem og psykiske lidingar vert fanga opp tidleg og gjevne eit godt behandlingstilbod.
- arbeida for at det skal vera eit tilstrekkeleg tilbod om varig tilrettelagt arbeid for yrkeshemma.
- ikkje auka eigedomsskatten. Målet er å ta den ytterlegare ned.

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Vedteke framhald av ordninga med fritidskort etter at staten avslutta løyvingane til ordninga
- Teke initiativ til - og fått styrka eigenkapitalen i Hardanger AKS
- Eigedomsskatten er redusert frå 3,2 promille til 3 promille med eit botnfrådrag på 300.000 kroner. For ein eigedom med takst 2 millionar inneber det ein reduksjon på om lag 20% i reine kroner.

Kultur

Kvam er ein kulturkommune med eit yrande kultur- og idrettsmiljø, med ei oppkome av stemne og festivalar. Eit godt kultur- og fritidstilbod er viktig for innbyggjarane i Kvam og ein magnet for å få nye innbyggjarar til kommunen. Kvam har også mange kulturminne.

Heradet må tilretteleggja for aktivitetar og arenaer som stimulerer til vidare vekst innan kultursektoren. Dette vil føra til vekst for kommunen, både økonomisk, menneskeleg og kulturelt. Me må profilera kunstnarane våre Jon Fosse, Geirr Tveitt, Hans E. Kinck, Ingebrig特 Vik, Øystein Laupsa m.fl.

Kvam Ap vil:

- støtta frivillig kulturarbeid, herunder festivalane våre
- at heradet i samarbeid med Kyrkjeleg fellesråd sikrar vedlikehald og utbetring av kyrkjene som treng det.
- oppretthalda det gode tilbodet i kulturskulen
- arbeida for at kulturtilbod vert lettare tilgjengeleg for alle
- sikra at nynorsken framleis vert profilert av heradet
- stimulera til etablering av kulturløyper og turstiar
- sikra Grannehjelpa sine økonomiske rammer – slik at kulturtilbodet for eldre, m.a. på institusjonane ikkje vert svekka

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Det er løyvd ekstrastønad til festivalar
- Det er vedteke «marsjordre» på gangveg Pensionisten-Torget i Ålvik med sikte på gjennomføring i komande periode
- Vedtak om nynorsk nemninga «herad» i offentlege register og i epostadresser.
- Vedtak om inngang ved bruk av nøkkelkort ved biblioteket i Ålvik

Miljø og klima

Kvam Arbeidarparti vil at kommunen skal vera ein miljøbevisst organisasjon som arbeider for å redusera miljøbelastningane. Nokre stikkord her er: Miljøvenlege innkjøp, redusert og miljørett energibruk.

Den største utfordringa i vår tid er klimakrisa. Det er ikkje noko me i Kvam løyser åleine. Men me skal gjera vår del.

Kvam Ap vil:

- syta for at Kvam herad oppnår klimanøytral drift, m.a ved at kommunale køyretøy i størst mogleg grad er elektriske.
- fylgja opp målsetjingane i klima og miljøplanen med konkrete og målbare tiltak.
- satsa endå meir på energiøkonomisering. Det er sannsynleg at straum vil vera dyr i åra som kjem. Det er difor viktig at heradet aktivt bistår innbyggjarane til å bruka mindre straum. Heradet sjølv må også få meir energieffektive bygg,
- arbeida for eit utbyggingsmønster som reduserer trøngen for transport, mellom anna ved fortetting i sentrale strok.
- arbeida for fleire ladestasjonar for elbilar i heradet, om naudsynt ta delar av investeringskostnadane for å oppnå det.
- halda fram samarbeidet med Rein Hardangerfjord, slik at det kontinuerleg vert rydda plast på og ved strandene våre

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Det er oppretta eit klima- og energifond slik at innbyggjarar og hytteeigarar kan redusera energibruken
- Løyvd midlar til enøk-tiltak i kommunale bygg
- Adminstrasjonen er beden om utgreiing av ladestasjonar i Tørvikbygd, Strandebarm og Ålvik
- Adminstrasjonen er beden om utgreiing av fjord-/bergvarmeanlegg

Planarbeid, bustadbygging, fornying av kommunen og kommunen som arbeidsplass

Kvam Arbeidarparti ynskjer ein sterk og effektiv kommune som skal gje innbyggjarane gode tenester. Folk skal først og fremst vera deltakande innbyggjarar - ikkje brukarar eller klientar.

Einskildmennesket sine behov skal stå i sentrum både når det gjeld innhald og organisering av velferdstilboda. Me vil gje innbyggjarane i kommunen god kvalitet på tenestetilboda.

Omstilling og fornying av kommunen vert mest vellukka dersom dei tilsette er aktive medspelarar. Kvam Arbeidarparti vil difor at all omstilling skjer i nært samarbeid med dei tilsette og deira organisasjonar.

Me står no midt i ei utvikling der mange kan arbeida frå ein fjernarbeidspllass. Dette må me utnytta, slik at både utflytte kvemmingar og andre vel å arbeida frå Kvam, sjølv om kontoradressa er ein annan stad i landet.

Kvam Ap vil:

- Arbeida for at matproduksjonen (kjøkntenesta) skjer lokalt.
- fortsetja å arbeida aktivt for at Kvam vert attraktiv som fjernarbeidspllass.
- redusera bruken av ufrivillig deltidsarbeid, prioritera meir heile stillingar og sikra deltaking i offentlege pensjonsordningar.
- seia nei til privatisering og konkurranseutsetjing av grunnleggjande velferdstenester
- at heradet held fram med å ta aktivt ansvar for integrering av flyktningar. Me går inn for å ta imot så mange ukrainske flyktningar som me kan.
- at kommunen framleis seier nei til sundagsopne butikkar
- arbeida for å styrkja busetnaden i alle delar av heradet, mellom anna ved at Husbanken sine ordningar vert utnytta meir aktivt av heradet og private utbyggjarar.

DØME PÅ KVA SOM ER GJORT:

- Bestilt utgreiing av matproduksjon i eigen regi
- Takka ja til mottak av ukrainske flyktningar
- Løyvd 200.000 til flyktningearbeid i nærområda til krigen i Ukraina
- Løyvd midlar til kontorplassar som fjernarbeidarar kan nytta fritt